

KULDEBØLGJA

Slik heldt
snikkar-Gunnar
ut i kulden


NYHEITER SIDE 10



ANLEGG TIL HALV MILLIARD

Bebuarane
fryktar øydelagt
utsikt i Vadheim

NYHEITER SIDE 6



OMSTRIDD HYTTE: Bildet er frå ei av synfaringane frå det offentlege på tomta.

ARKIVFOTO: GEIR IVAR L. RAMSLI

Eigaren må rive alt utanom hytta

FÅR IKKJE DISPENSASJON: Hytta til Håvard Ølmheim på Folkestad i Fjaler har vore ei betent sak i fleire år. No har Statsforvaltaren i Rogaland avgjort saka: Hytteeigaren tok seg for godt til rett og bygde ut mykje meir rundt hytta enn han hadde skriftlege løyve til. Det får konsekvensar.

SIDE 2-3



NYHEITER

ADRESSER PÅ NETT:

Send inn video:
firda.no/lesarvideo

Facebook:
facebook.com/firdamedia

Twitter:
[@firdamedia](https://twitter.com/firdamedia)

Instagram:
[@firdamedia](https://instagram.com/firdamedia)

TIPS OSS!

57 83 33 33

Har du tips eller idear om lokale nyheitssaker vi bør ta tak i? Kontakt oss på telefon, e-post, Facebook, Twitter eller Instagram. Du kan også tipse oss med video. Ferskaste nytt finn du på firda.no. E-post: redaksjon@firda.no. SMS/MMS: [fitips til 2005](https://www.firda.no)

Hyttesaka er avgjort

Eigaren må rive og reparere alt utanom hytta - og det kan hende den kollapsa

Hytta til Håvard Ølmheim på Folkestad har vore ei betent sak i fleire år. No er siste ord i saka sagt.

ASTRID IREN SOLHEIM KORSVOLL
astrid.iren.solheim@firda.no

- Det var ikkje tvil hos oss om utfallet av saka.

Det seier Erik Thomsen, saksbehandlar hos Statsforvaltaren i Rogaland til Firda.

Dei har behandla den mykje omtalte hytta på Folkestad i Fjaler. Her tok hytteeigar Håvard Ølmheim seg for godt til rette, og utan at han hadde lov bygde han betongmur og kaianlegg i strandsona.

I etterkant søkte han om dispensasjon for tiltaka, noko han til dels også fekk hos Fjaler kommune.

Men no har saka tatt ei ny vending. Statsforvaltaren i Rogaland (tidlegare Fylkesmannen) har gjort om vedtaket til kommunen og avslår søknaden om dispensasjon.

- Store inngrep

Saka har vekt sterke reaksjonar blant hyttenaboane i området. Også Statsforvaltaren i Vestland har meint at hytteeigaren ikkje burde fått dispensasjon. Fjaler kommune har likevel stått på sitt.

Det førte til at saka måtte til behandling hos ein uavhengig part, nemleg Statsforvaltaren i Rogaland. Nyleg kom avgjerda deira.

- Kvifor var de ikkje i tvil om utfallet?

- Det er i utgangspunktet byggjeforbod i strandsona, og terskelen for å få dispensasjon er ganske høg. I dette tilfellet har det vore eit betydeleg inngrep i strandsona, med utfyl-

ling i sjø, betong i vasskant og ein svær mur. Det er store inngrep det er snakk om, seier Thomsen hos Statsforvalteren i Rogaland.

- Kva meiner du om kommunen si handtering av saka?

- Her har terskelen for dispensasjon vore for låg, fastslår Thomsen.

Hytteigar vil vente med å kommentere saka

Firda har vore i kontakt med advokaten til Håvard Ølmheim, Jan Erik Mardal. Korkje han eller Ølmheim vil kommentere avgjerda før dei har snakka med kommunen om saka.

Dei har tidlegare varsla millionsøksmål mot kommunen, dersom kommunen blir ståande fast på at hytteeigar må rive delar av muren.

Ordførar i Fjaler, Kjetil Felde, seier til Firda at dei skal gå gjennom avgjerda, men at dei ikkje kan gjere vedtak i frykt for at det skal kome søksmål.

Her kan du lese kva ordføraren meiner om saka.

Fekk eit lite løyve, men så det tok det heilt av

I desember 2017 skreiv Firda for første gong om hytta på Folkestad.

Her kom det fram at Ølmheim nokre år tidlegare hadde fått løyve til eit lite sprengingsarbeid under vatn. Men han stoppa ikkje med dette, og sprengde vekk svaberg og murte opp ein steinmur med gangsti oppå, mellom vika og hytta. Muren strekte seg ut til ei fylling i sjøen.

Ikkje noko av dette var søkt om, og dermed ulovleg. På toppen av det heile, var dette anlegget også i eit friområde, og ikkje ein del av hyttetomta.

Naboar varsla kommunen



DRONEFOTO: Mykje av arealet framfor hytta er regulert som friluftsområde. Ifølge naboane var dette ein populær badeplass tidlegare. Hytteeigaren har gjort store inngrep i området.

FOTO: OFFENTLEG DOKUMENT

om det ulovlege arbeidet, og i november 2017 reiste kommunen på synfaring. Her fekk dei seg ei overrasking.

Ølmheim fekk etter dette beskjed om å søkje dispensasjon og byggeløyve.

Protestar frå naboar og Fylkesmann

Sidan den gong har saka gått sin gang i Fjaler kommune. Den har blitt behandla - og klaga på - fleire gonger.

Fjaler har gitt hytteeigaren dispensasjon frå plan- og bygningslova, samt ettergodkjenning av ulike byggetiltak.

Men både hyttenaboar og Statsforvaltaren i Vestland har vore usamde med kommunen i vurderingane.

Statsforvaltaren i Vestland meiner tiltaket er «uheldig for landskapsverdiane», og har frykta konsekvensane dette kunne gi når kommunen «ettergodkjenner ulovlege gjennomførte tiltak». Dei meiner at hytteeigaren bør reversere nesten alt byggearbeid på tomta.

Heller ikkje Ølmheim og advokaten hans, har vore nøgde med kommunen. Sjølv har hytteeigaren heile tida at han har hatt tett dialog med kommu-

nen om dette, og at han har hatt løyve.

Sjølv om han fekk dispensasjon, har han på nokre felt måtta moderere seg. Mellom anna måtte den delen av muren som ligg i friluftsområde, fjernast. Det ville også føre til at 33 kvadratmeter av terrassen måtte vekk. Også flytebrygga måtte fjernast.

Advokat Mardal har varsla Fjaler kommune om at dette vedtaket vil koste dei dyrt. Han har varsla eit millionsøksmål om Ølmheim ikkje får det som han vil.

Men under den siste behand-

Ny smitte relatert til utbrotet: - Det er etterdønningane

Sunnfjord kommune har hatt tre nye smitta denne veka, alle er etterdønningar frå utbrotet som er på veg nedover.

SANNE SLÅTTEN
sanne.slatten@firda.no

Tysdag vart det avdekt eit nytt tilfelle av koronaviruset i Sunnfjord kommune. Kommuneoverlege Øystein Furnes

stadfestar at dette er tilknytt det eksisterande utbrotet.

- Vedkommande som no har testa positiv har vore ein nærkontakt som har vore i karantene, seier han.

Etterdønningar

Dei to siste vekene har Sunnfjord kommune vore råka av eit større koronautbrot. Over 40 personar har blitt stadfesta smitta og på eit tidspunkt var det over

300 personar i karantene i kommunen.

Furnes omtalar dei siste smitta ein ser no som etterdønningar frå utbrotet.

- Det er heilt klart starten på slutten av utbrotet, men vi er nøydd til å vente til neste veke for å seie det heilt sikkert, seier kommuneoverlegen.

Også måndag hadde Sunnfjord kommune nye tilfelle av koronaviruset. Den eine var allereie i karantene, medan den andre var ikkje. Til Firda sa Furnes då at

smittesporingsteamet tok ein ekstra grundig smittesporing, for å stadfeste om det nye smittetilfellet var tilknytt utbrotet.

Det hadde dei ein sterk mistanke om, og onsdag kan Furnes bekrefte at dette tilfellet stammar frå det tidlegare utbrotet.

- No er vi ganske sikre. Vi har ikkje fått svar på alle prøvene, men dei viktigaste har testa negativt, seier han.

rere et r og



2017, har det kome tre dispensasjonssøknader frå Ølmheim. Men han har då bede om dispensasjon frå reguleringsplanen. Det er berre i søknaden frå 2017 han ber om dispensasjon frå byggeforbodet, og då berre for moloen.

Sjølv har hytteeigaren argumentert med at bygginga av kai, molo og muren rundt hytta, ville føre til betre vern mot vêt og vind. Han meiner også at delar av reguleringsplanen bør endrast.

Berre hytteeigar får fordelane

Statsforvaltaren skriv at fordelane med dispensasjon må vere klart større enn ulempene. Det meiner dei ikkje er tilfelle i denne saka. Her er det berre utbyggaren sine personlege interesser som får fordelar av ein slik dispensasjon, skriv dei.

Advokaten til hytteeigaren har peika på dei store kostnadene dei vil få med riving. Men Statsforvaltaren skriv at når dei behandlar slike saker, tek dei ikkje omsyn til kva som allereie er oppført. «Dette inneber at omstende som er av betydning når det gjeld eventuell tilbakeføring av dei utførte tiltaka, til dømes faren for utrasing eller samanbrot i hytta, ikkje er relevant i dispensasjonsvurderinga», skriv Thomsen.

Eit anna viktig moment, er at det langs sjøen skal takast særleg omsyn til natur, friluftsliv og allmenne interesser. Før hytteeigaren slo seg laus i området, var det urørte svaberg og berre ei lita hytte på tomta. Slik er det ikkje lenger, og tiltaka har ført til «store og godt synlege terrenginngrep», skriv Statsforvaltaren.

Vedtaket er endeleg og kan ikkje klagast på.

linga av saka i Fjaler i august 2020, blei vedtaket dei gjorde i mars same år, ståande.

No er altså dette vedtaket oppheva og hytteeigaren får ikkje dispensasjon til tiltaka han har gjort.

Har ikkje søkt på rett måte

I vedtaket frå Statsforvaltaren i Rogaland, er dei tydelege på at eigedomen ligg i 100-metersbeltet langs sjøen. Her må ein ha dispensasjon frå byggeforbodet om ein vil gjere inngrep.

Etter at det ulovlege arbeidet blei oppdaga på tampen av

Ordføraren om trusselen om millionsøksmål: - Vi kan ikkje la avgjerdene våre vere prega av frykt for søksmål

No kan nettopp eit millionsøksmål stå for døra etter at saka om Folkestad-hytta er avgjort.

ASTRID IREN SOLHEIM KORSVOLL
astrid.iren.solheim@firda.no

Det starta på tampen av 2017. Hyttenaboar varsla kommunen om at det pågjekk ulovleg bygging ved hytta til Håvard Ølmheim på Folkestad i Fjaler.

Kommunen reiste ut til staden. Her blei det kjent at hytteeigaren hadde sprengd og bygd i friluftsområde. Ølmheim hadde mellom anna mura opp ein steinmur.

Vil ikkje uttale seg enno

Sidan den gong har saka gått i fleire vender. Korkje hytteeigar, Fylkesmannen i Vestland (noverande Statsforvaltaren i Vestland) eller hyttenaboar har vore nøgde med kommunen si behandling av saka.

Kommunen har nemleg gitt Ølmheim dispensasjonar for tiltaka, men ikkje på alle punkt.

Tysdag blei det kjent at siste ord er sagt i saka. Statsforvaltaren i Rogaland har behandla dispensasjonssøknaden og har landa på at Ølmheim ikkje får dispensasjon til dei ulike tiltaka sine.

Statsforvaltaren i Vestland har tidlegare uttalt at hytteeigaren bør reversere nesten alt byggearbeidet som er blitt gjort på tomta.

Firda har vore i kontakt med advokaten til Ølmheim, Jan Erik Mardal. Han skriv til Firda at korkje han eller hytteeigaren vil uttale seg om saka før dei har vore i kontakt med Fjaler kommune.

Kommunen: - Ventar og ser

- Ordførar Kjetil Felde, kva tenker du om utfallet?

- Det er ikkje så lenge sidan det kom, så eg avventar til eg får tilbakemelding frå saksbehandlaren vår på innhaldet og kva avgjerda betyr.

- Var det ei venta avgjerd?
- Eg har ikkje hatt forventningar til korkje det eine eller det andre. Vi fatta eit vedtak som vi meinte var i tråd med det det



HAR FÅTT DOMMEN: Kjetil Høgset Felde, ordførar i Fjaler, har no fått vite det endelege utfallet av hyttesaka.

FOTO: SOFIE RETTERSTØL OLAISEN

burde vere, men så fekk vi ei anna tilbakemelding. Det må vi forhalde oss til.

- Statsforvaltaren meiner de har vore for lempelege med dispensasjonssøknaden. Har de vore det?

- No skal vi først gå gjennom vedtaket i formannskapet og kommunestyret der vi får ei fagleg vurdering av saka. Eg har ikkje tenkt over om vi har vore for lempelege, seier Felde.

- Kan ikkje la avgjerder vere prega av frykt for søksmål

Hytteeigaren har tidlegare sagt at han hadde fått løyve av kommunen, og at han var i tett kontakt med kommunen heile tida.

Difor er hytteeigaren ikkje samd i at delar av muren må vekk. Konsekvensane av ei slik

riving kan bli skader på hytta. Difor har hytteeigaren og advokaten varsla millionsøksmål mot Fjaler kommune om dei ikkje droppar rivingskravet.

Etter det siste utfallet i saka er det ikkje lenger tvil om at muren og meir til må vekk.

- Fryktar du at søksmålet blir ståande?

-Vi kan ikkje la avgjerdene våre vere prega av eit frykta søksmål, svarar Felde.

- Men fryktar du at det kan kome eit søksmål på fleire millionar?

- Eg reknar med at saksbehandlaren vår vil vurdere dette.

- Saka har versert i kommunen i fleire år. Har du tankar om at de burde gjort noko annleis i behandlinga av den?

- Det har eg ikkje nokon tankar rundt, seier ordføraren.


EN MENGEDE SOLSKJERMING OG GARASJEPORTER

GRATIS BEFARING 911 50 200

-30%

TIL 07.03.

MARKISER - SCREENS - INTERIØRGARDINER



Fasade
PRODUKTER
OVE VEBERG

Din lokale salgskonsulent
Direktenr: 908 67 031